

Tittel: For mykje bleiebruk i sjukeheim

Kronikken vart publisert i Bergens Tidende den 30. januar 2021

Jeanne Boge

For om lag 15 år sidan snakka eg med ei kvinne som var på avlastingsopphald i ein norsk sjukeheim. Ho forstod ikkje kvifor ho fekk ny bleie kvar morgon. Bleia var alltid tørr.

For nokre veker sidan fortalde pårørande meg om liknande erfaringar. Det siste året hadde mor deira vore på avlasting i to norske sjukeheimar. I begge institusjonar vart mora utstyrt med bleier, sjølv om ho ikkje trong det. Bleiene var alltid tørre. Då ho drog heim ville fastlegen skrive ut resept på bleier. Legen fortalde at dei starks kunne hente bleier på apoteket for eit års forbruk. Mora har ikkje trengt bleiene.

Ein studie som spesialsjukepleiar Ragnhild Omli har gjennomført i norske sjukeheimar, viser at 14 prosent av bebuarane brukte bleier utan å trenge det. Det kunne sjå ut for at det nærmast hadde gått rutine i å tilby bebuarane i sjukeheim truseinnlegg eller bleie, for sikkerheits skuld. Bebuarane stoler på personalet sin kompetanse og vurdering og tek på seg bleiene som det vert forventa at dei skal bruke.

Det kan vere at pleiarane utstyrer pleietrengjande med bleier fordi dei ikkje har kapasitet til å hjelpe pleietrengjande i toalettsituasjonar. I ei spørjeundersøking som omfatta 1640 sjukepleiarar i dei kommunale pleietenestene, meinte om lag 40 % at fleire pleietrengjande kunne klart seg utan bleier om bemanninga hadde vore betre.

Om lag 70 prosent av dei som bur i norske sjukeheimar er avhengige av bleier fordi dei ikkje har kontroll på urin og avføring. I slike høve er det viktig at ein skifter bleie raskast mogeleg

når den er blitt våt og tilskitna. Dei som brukar bleier har oftare urinvegsinfeksjonar enn andre. Spesielt kvinner er utsette for urinvegsinfeksjonar. Slike infeksjonar aukar faren for å døy.

I tillegg til at urinvegsinfeksjonar kan vere smertefulle, er det fare for at dei som ofte har slike infeksjonar, med tilhøyrande behandling, kan utvikle resistens mot antibiotika. For helsa sin del bør ein med andre ord unngå bleiebruk. Men oppslag i norske og danske medium viser at pleietrengjande som bur i sjukeheim kan få beskjed om å gjere frå seg i bleier i staden for på WC.

Det er ikkje berre i primærhelsetenestene toalettsituasjonar kan by på utfordringar. Rapportar frå fleire vestlege land viser at pasientar i sjukehus kan bli verande i våte bleier og ekskrement i timesvis. Lite hjelp i toalettsituasjonar er noko av det pasientar på engelske sjukehus klagar mest på.

Bemanningspolitikken kan vere ei av forklaringane på at pleietrengjande brukar bleier i staden for WC, men også arkitektur og tekniske tilhøve kan bidra til å forklare slike praksisar. Studiar frå norske sjukeheimar viser at baderom kan vere utforma slik at ustødige pleietrengjande har problem med å bruke WC, blant anna fordi høgda på toalett og servant ikkje kan justerast og fordi det er få støttepunkt i rommet. Ustødige pleietrengjande som ikkje kan stå/gå, må ofte avlevere all urin og avføring i bleier fordi dei ikkje kan sitte stødig på ordinære WC og enkle toalettstolar, og fordi mangel på gjennomgåande takheisskinner gjer det tungvint å hjelpe pleietrengjande til toalettet.

Pleiarane veit at våte og tilskitna bleier straks bør skiftast, og dei strekkjer seg langt for at pleietrengjande skal få den hjelp dei treng i toalettsituasjonar. Men når det ikkje er samsvar mellom pleietrengjande sin trong for hjelp på den eine sida og tilgjengeleg bemanning, arkitektur og teknologi, på en andre sida, er det ikkje alltid mogeleg å hjelpe pleietrengjande på WC når dei treng det, eller å skifte bleier straks bleia er blitt våt.

Pleiarane veit at ein ikkje bør ta bleier på dei som ikkje treng det. Men i sjukeheimar kan pleiar likevel kome til å utstyre pleietrengjande med bleier for sikkerheits skuld, for om det skulle «gå galt», kan pleiarane som allereie har nok å gjere, få ekstra arbeid med å skifte klede på den pleietrengjande, skifte sengkledde eller reingjere sofa og stolar.

Det er med andre ord mogeleg å tenkje seg at bemanning og fysisk utforming av sjukeheimar medverkar til at det dannar seg ein kultur for at pleietrengjande som ikkje treng bleier likevel får på seg slikt utstyr, i tilfelle det skulle «gå galt».

Dei fleste av oss reknar kanskje med at me får bruke WC i staden for bleie om me vert pleietrengjande. Om me skulle verte avhengige av bleie, reknar me kanskje med at me får hjelp til å skifte bleia straks den er blitt våte. Slike forventingar kan krevje andre bemanningsnormer og annan baderoms-arkitektur og teknologi i norske sjukeheimar enn det som er vanleg i dag.